

Referat NASH-styremøte 12.02.23

Til stades: Jonas, Markus, Lars Jacob, Birgitte, Julie

Ikkje til stades: Bart

Sak 1: NidarosSMASH – budsjett

Dei har tenkt på å bruke catering. Og dei søker 10 000 kroner i støtte frå Nash. Det tek litt tid til å finne ut det med overnatting, og håpar dei finn noko. Om man ikkje finner eit samordna overnattingssystem, så kan det vere at folk overnattar med musichantar i Trondheim eller ei anna løysing. Foreslått deltakaravgift ligg på 300kr, men er mogleg det blir endra basert på dei andre kostnadane.

Jonas finn fram budsjett frå TrondheimSMASH 2017 for samanlikningsgrunnlag. Er litt høgare budsjettet no enn då, bl.a. pga. catering, men er lågare deltakaravgift.

Vi sender inn innspel på at matprisen er gått opp frå 2017 SMASH, gjerne lågare total forbruk, kan ta kontakt med SiT sentralt for å spør om overnatting og at der er store usikkerheiter i budsjettet. Nidaros-SMASH har heller ikkje søkt pengar frå andre pengekjelder, det bør dei undersøke vidare.

Endeleg budsjett blir vedtatt på eit seinare møte.

Sak 2: NASH-budsjett

Eit problem som har oppstått er at Bart ikkje har tilgang til konto, knytt til utfordringar med BankID.

Det er og eit problem med at tidlegare personar som har hatt tilgang til bankkonto, framleis har hatt tilgang på bankkonto. No er det endra slik at Jonas og tidlegare økonomiansvarleg (Elias) har tilgang. Slik at det er sikra at det er minst to som har tilgang på kontoen.

Spørsmål: Kor får vi pengar frå?

Svar: Er frå medlemskontingent, enten 100 kr eller 3,5% av pengane dei har. Andre inntektskjelda er overskot frå SMASH, i det siste har det blitt ein del.

Vi har fått inn medlemskontingent frå Åsblæsen, Medicinske Blæse et spads..., Dragern, Medicinske selskabs orchester.

Åsblæsen har ikkje betalt tilbake overskot frå SMASH i haust enda. Har vore bankomkostningar for konto og ei kort periode for eposten vår. (epost er no fiksa slik at det er gratis)

Vi har bedriftskonto hos DNB, og vi har månadspris for nettbanken pr. administrator. No har det kosta ein del sidan det har vore fleire administratorar. Dei har vore der fordi ingen har sette seg ordentleg inn i systemet. Vi hadde ikkje gått i minus pga. det, men det er jo fellesskapet sine pengar vi mistar.

Vi har 36 438kr på konto. (+ 12 000 som er overskotet frå ÅS-SMASH) (+ dei 35 000 frå SMASH kontoen i Trondheim (Det blir også nemnt som ein kommentar på SMASH-budsjettet))

Sak 3: Problem med oppstart?

Har adressert dette punktet med kontotilgang til mail/drive og med bank.

Spør kva rolla til NASH skal vere, om det berre er å vere for støtte til SMASH, så er det ikkje så mange arbeidsoppgåver å ta tak i heller (ikkje stort behov for å møtast). Også diskutere kva rolla til NASH skal vere.

Må også vere eit behov for å ha ein skikkeleg oppstart for styret i god tid.

Spørsmål om kor lenge ein er valgt: Det står i vedtektene når dei ulike styrerepresentantane skal byttast ut.

Sak 4: NASH-genfors saksliste

Til NASH-genfors kan det vere fint å endre litt på vedtektene. Spesielt det med økonomi og kva ein kan bruke pengar på.

Ei sak kan vere å diskutere kva rolla til NASH skal vere. I dag har NASH ei lita rolle, så kan vere fint å visjonere for kva NASH skal vere.

Noko anna som kan diskuterast er om vi skal tilknytte oss korpsnett.

Økonomiansvarleg held tak i økonomisakene.

Vi bør også skrive ein årsrapport, skribent held i det.

Elles er det dei «vanlege» sakene for genfors.

Jonas kan skrive innkalling og sakspapir til Genfors.

Sist genfors, fint at vi gjekk gjennom vedtektene, men vi hadde ei viss tidsramme, så er viktig å ta omsyn til tida.

Sak 5: Styrerekrutering

For rekruttering, bør kanskje informere om kva dei ulike rollene går ut på. Bør høyre med alle studentorchestera. Vi kan kanskje lage ein styreinstruks for NASH. Det ligg ein på drive, det kan vere greitt å oppdatere den

Vi bør også oppfordre alle orchestera til å ta det opp internt.

Genfors blir annonsert snart. Så då startar også opp arbeidet med dette. Kanskje allereie ila. Veka.

NASH-genfors er lagt inn i agendaen til Nidaros-SMASH, så det bør gå smoothare dette semesteret.

Vi kan også be orkestera finne ein kandidat til dei ulike styreverva til genfors.

Vi kan også legge ut på typ FB eller mail der dei noverande i styret skriv om erfaringar frå vervet.

Sak 6: Eventuelt

Spørsmål: Kva er målet med at vi skal vere meir synlege?

For å vise kva NASH faktisk gjer, slik at det og kan bli lettare med rekruttering. Det er jo eit internt ansvar i orkestera å få folk med i NASH-gruppa. Vi kan også diskutere dette meir til Genfors.

Om vedtekter, Jonas ønsker å invitere orkestera til ein vedtekts-workshop seinare.

Neste møte. Budsjettet til Nidaros-SMASH må skje ein eller annan gang innan 4 veker, gitt vedtektene. Jonas legg ut ein doodle snart.